

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 21.01.2015
SAKSHANDSAMAR: **Torunn Nilsen**
SAKA GJELD: **Oppdragsdokument til Helse Vest RHF 2015**

ARKIVSAK: 2014/870/
STYRESAK: **007/15**

STYREMØTE: **04.02. 2015**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek oppdragsdokumentet for 2015 til etterretning.

Oppsummering

Tysdag 7. januar 2015 presenterte helse- og omsorgsminister Bent Høie sine styringsbodskap, politiske mål og forventningar til helseregionane. Styringskrav og forventningar blei presentert i føretaksmøte, oppdragsdokument og Statsråden sin «sjukehustale».

Fakta

Gjennom oppdragsdokumentet stiller Helse- og omsorgsdepartementet til disposisjon dei midlane som Stortinget har løyvd til Helse Vest RHF for 2015. Helse Vest RHF skal utføre pålagde oppgåver og gjennomføre styringskrava innanfor dei rammene og måla som er gitt, og dei ressursane som blir stilt til rådvelde i dokumentet.

Oppdragsdokumentet er ein del av ein heilskapleg helsepolitikk. Saman med protokollen frå føretaksmøtet er dette dei to formelle styringsverkemidla departementet rår over ovanfor dei regionale helseføretaka utover lov og forskrift.

Kommentarar

Statsråden sin tale blei halde i forkant av felles føretaksmøte for dei fire regionale helseføretaka der oppdragsdokumentet for 2015 også blei overlevert.

I talen peika Statsråden på at hovudmålet er som i fjor – å skape pasienten si helseteneste. Det inneber at statsråden vil

- at makt blir flytta frå andre som har makt til pasienten
- at alle gode krefter blir teke i bruk – både offentleg og privat
- at det ein oppnår meistring – gjennom å fornye, forenkle og forbetre

To utfordringar blir særleg løfta fram:

- det er for mange som ventar unødvendig lenge
- det er for stor variasjon i kvalitet, effektivitet og ventetid – både mellom sjukehusa og innan sjukehusa

For å møte desse utfordringane blir helseregionane gitt i oppdrag å utarbeide strategiar for korleis dei vil redusere variasjon i effektivitet og ventetid mellom sjukehusa.

Statsråden vidareførte i talen dei seks satsingsområde frå 2014:

1. Innføre fritt behandlingsval. Ventetida skal ned. Kvaliteten skal opp.
2. Sørge for raskare diagnose og redusert ventetid for kreftpasientar.
3. Prioritere rusfeltet og psykisk helse
4. Utarbeide ein Nasjonal helse- og sykehusplan for framtidens behov
5. Skape betre kvalitet og pasienttryggleik
6. Satse på IKT og kommunikasjon.

Dei mål som er satt i oppdragsdokumentet for 2015 vil bli vidareformidla til helseføretaka i styringsdokumenta for 2015 som vil bli lagt fram for styret i mars. I tillegg vil hovudbodskapet frå statsråden sin sjukehustale blir innarbeidd i dokumenta.

På enkelte punkt er det stilt korte fristar for tilbakemelding til departementet. Det vil i styremøtet blir gitt ein orientering med omsyn til korleis det blir arbeidd med desse oppgåvene og korleis helseføretaka blir involvert.

Vedlegg:

1. Oppdragsdokument 2015 Helse Vest RHF
2. Statsråden sin «sjukehustale» 7. januar 2015